

Saksbehandlar: Anne-Lene Norman, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/2801-2

Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016 - folkehelseiltak

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Jubileumsførestilling for danseverkstadane i fylket får tilskot på kr 150 000
- 2 Klenkarberget sommarcamp (Nordfjordeid) får tilskot på kr 55 000

Vedlegg:

Søknadsnr 2016-0013 Tilskot til Jubileumsførestilling for Danseverkstadane i fylket
Søknadsnr 2016-0069 Folkehelse og ernæring – Klenkarberget sommarcamp

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag **Jubileumsførestilling for Danseverkstadane i fylket**

Det vert teke sikte på ei jubileumsførestilling som involverer 100 unge frå ulike kommunar i eit omfattande prosjekt. Dette inneber ei, etter måten, krevjande planlegging, involvering, informasjon og møteverksemd. Det er lagt opp til 15 øvingshelgar der ein i hovudsak øver inn koreografi. Det vert fem samlingar i Sogn og fem i Sunnfjord – to reine gutesamlingar og tre samlingar for alle dei 100 instruktørane som deltek. 70% av koreografane/instruktørane som DUG har henta inn til førestillinga har starta si dansekariere som elevar i ein av danseverkstadane. Deretter har dei kvalifisert seg til danseinstruktør i same verkstad. Fleire av dei har seinare gått vidare til Norges balletthøgskule, til eit danseensemble eller jobb som dansepedagog.

1.2. Bakgrunn for saka

Dans utan grenser (DUG) etablerte danseverkstadane i Sogn og Fjordane i 2006 i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune som del av folkehelsearbeidet. Danseverkstadane i fylket fyller såleis 10 år i 2016. Alle danseverkstadane (i 11 kommunar) har gått saman om å markere dette med ei stor jubileumsførestilling på hausten i år. Førestillinga vil involvere hundre unge danseinstruktørar og ho vert vist på 7 ulike stadar i fylket.

DUG baserer seg på ung-til-ung formidling. Det er dei unge som lærer andre barn/unge å danse etter at dei sjølve er blitt kvalifisert som instruktør. Instruktørane driv fleire dansegrupper i kommunen sin. Dei underviser barn i alderen 6-20 år. Dette gjer dei utan betaling. Ungdom frå 13 år og eldre kan ta instruktørutdanning gjennom DUG. Utdanninga går over 10 helgar fordelt på 9 månadar. Dei avsluttar med skriftleg eksamen, solodans og gruppedans.

Danseverkstadane vert sett på som eit viktig levekårs tiltak. I 2006 starta satsinga som ein del av eit prosjekt i kulturavdelinga for å fremje fysisk aktivitet og motverke tidleg debut av rusmidlar. Det er retta søkjelys mot dei som ikkje finn dei etablerte tilboda interessante eller dei barn og unge som er uorganiserte. Danseverkstadane har ført til at 11 kommunar i fylket har fått eit dansetilbod. I desse kommunane jobbar hundre danseinstruktørar friviljug med undervising for om lag 1100 elevar kvar veke.

Danseverkstadane er eit fritidstilbod med låg terskel for deltaking både økonomisk og sosialt. Dette er sentralt i levekårsarbeidet/utjamning av sosiale skilnader i folkesetnaden. Som instruktørar lærer dei unge å ta ansvar, leie og stå framfor ei forsamling eller publikum. Å fremje mestring, respekt, samhald og samarbeid er viktige verdiar i danseverkstadane.

1.3. Vurderingar og konsekvensar

Gjennomføring av denne jubileumsforestillinga er basert på eit spleiselag med bidrag frå fleire partar slik:

Kostnad

Tittel	Sum
Administrasjon	Kr 365 000
Marknadsføring	Kr 115 000
Turnekostnader	Kr 325 000
Utgifter produksjon	Kr 465 000
Utgifter produksjonsteam	Kr 75 000
Sum kostnad	Kr 1 345 000

Finansieringsplan

Andre stønadskjelder	Kr 340 000
Billettinntekter	Kr 175 000
Deltakande kommunar	Kr 335 000
Eigenandel ungdommane	Kr 120 000
Sparebankstiftinga	Kr 175 000
Tilskot frå fylkeskommunen v/kulturavdelinga	Kr 50 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	Kr 150 000
Sum finansiering	Kr 1 345 000

Det ligg føre to søknader til fylkeskommunen; både til folkehelse og kultur. Fylkesdirektøren har vurdert søknaden samla, og rår til at det vert gitt eit samla tilskot til dette tiltaket med budsjettdekning folkehelse tiltak.

1.4. Konklusjon

Etter 10 år med danseverkstadar i Sogn og Fjordane må tiltaket seiast å ha hatt god måloppnåing.

Når det gjeld inkludering og mestring, rapporterer både tidlegare og noverande deltakarar at danseverkstadane har vore viktige for dei. Aktiviteten har vore stadig aukande. Etter kvart som det gode ryktet har spreidd seg, har det frå fleire kommunar komme signal om å få etablere danseverkstad.

Tilbodet er sentralt i høve levekårsarbeid. Det rettar seg inn mot sosial utjamning ved at det er eit lågterskeltilbod. Danseverkstadane er eit viktig supplement til eksisterande fritidstilbod for barn og unge i kommunane.

Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for næring og kultur løyver kr 150 000 til jubileumsforestilling for danseverkstadane i Sogn og Fjordane, og tek atterhald om at dei andre partane i finansieringsplanen oppfyller sin del.

2. Samandrag **Klenkarberget sommarcamp**

Sommarcampen er eit dagtilbod for barn i alderen 6-13 år frå Nordfjord. Barn på vitjing til regionen kan også nytte seg av tilbodet. Klenkarberget sommarcamp vert arrangert i fire veker etter skuleslutt i juni. Sommaren 2015 fekk 295 barn oppleve ei aktivitetsveke i regi av sommarcampen. Deltakaravgifta er låg slik at så mange barn som mogeleg kan delta.

Drifta av sommarcampen er på dugnadsbasis. Det er sentralt å gje barna spesielle opplevingar med fysisk utfolding i naturen. Arenaen er frå fjord til fjell. Aktivitetane er mange og varierte. For å auke trivselen får barna delta i planlegging av aktivitetane.

I tillegg til fysisk aktivitet er det ønskje om å legge til rette for at barn kan gjere sunne val når det gjeld mat og ernæring. Ei av målsettingane er såleis at campdeltakarane skal få oppleve nye og gode smakar av næringsrike måltid. Ernæringsprosjektet vil omfatte ein samarbeidsavtale med ein lokal kokk. Intensjonen er å tilsette ein kokk i løpet av mars månad d.å. Frå april månad, og fram til oppstart av campen i juni, vil denne kokken produsere mykje av maten til deltakarane. Han vil nytte kjøkkenet på Klenkarberget til dette. Han vil også servere måltida under sommarcampen.

Søknaden for 2016 gjeld løn til kokk og litt utstyr.

2.2. Bakgrunn for saka

Klenkarberget sommarcamp er eit aktivitetstilbod for barn og unge i sommarvekene. Det er søkjelys på fysisk utfolding i natur og friluft. Haugen idrettslag i Eid kommune står som arrangør av tilbodet. I 2016 er det tiande år på rad at arrangementet vert gjennomført. Målet er å gje barna eit trygt og godt aktivitetstilbod i sommarvekene. Hovudutval for plan og næring i Sogn og Fjordane fylkeskommune løyvde kr 55 000 til tiltaket både i 2014 og 2015.

2.3. Vurderingar og konsekvensar

Dette tiltaket baserer seg på todelt finansiering, eigenkapital og tilskot frå fylkeskommunen slik:

Kostnadsplan

Tittel	2016
Innkjøp – råvarer	Kr 50 000
Innkjøp – utstyr	Kr 10 000
Løn til kokk	Kr 55 000
Sum kostnad	Kr 110 000

Finansieringsplan

Eigenkapital	Kr 55 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	Kr 55 000
Sum finansiering	Kr 110 000

Fylkesdirektøren ser dette som eit interessant tiltak som vi må vurdere om det har overføringsverdi for andre lokalsamfunn.

2.4. Konklusjon

Klenkarberget sommarcamp har fått gode tilbakemeldingar frå barn som har delteke og foreldra deira. Det er, for prosjektet, rapportert om god måloppnåing. Når det gjeld deltaking, læring og meistring har tiltaket ei god profil. Dette gjeld også sosial utjamning sidan deltakaravgifta er låg. Det er uomtvisteleg bra at barn får vere i variert aktivitet i naturen. Vidare er det positivt at dei får lære om, og like, sunn mat.

Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for næring og kultur løyver kr 55 000 til Klenkarberget sommarcamp for 2016.